

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **15.12.2011 , kl. 09.00 – 13.50**  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Svanehaugvegen 2, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Clara Øberg	Styreleiar
Jorunn Ringstad	Nestleiar
Trude Brosvik	Medlem
Knut C. Schönberg	Medlem
Helge E. Bryne	Medlem
Anni Felde	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Kjell Nygård	Medlem/ tilsetterepr.
Rune Larsen	Medlem/ tilsetterepr.
Berit J. Hornnes	Medlem/ tilsetterepr.
Lena Thorsnes	Vararepr. tilsette

### Forfall frå styret

Wenche K. Røkenes	Medlem/ tilsetterepr.
-------------------	-----------------------

### Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerende direktør  
Tore Dvergsdal, direktør Kirurgisk klinikk  
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk  
Ole Christian Reusch, direktør Psykisk helsevern  
Tom Hansen, økonomidirektør  
Arne Eithun, kommunikasjonssjef  
Kari Furevik, seniorrådgjevar  
Berit Irene Haarklau, referent

## Sakliste

---

076/2011 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden
077/2011 A	Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.11.2011
078/2011 O	Administrerande direktør si orientering
079/2011 A	Rapportering frå verksemda per november 2011
080/2011 A	Budsjett 2012 – Helse Førde HF
081/2011 A	Investeringsplan 2012 – Helse Førde HF
082/2011	Eventuelt
	Skriv og meldingar

Styreleiar Clara Øberg ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

## STYREMØTET STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Seniorrådgjevar Kari Furevik orienterte om:

### **Kvalitet og pasienttryggleiksarbeidet i Helse Førde**

- Nasjonal journalundersøking – GTT 2010 (tal offentleggjort 13.12.11), viser gode tall for Helse Førde (7%)
- Nasjonal kampanje er i Helse Vest organisert som del av kvalitetssatsinga, og lokalt er den forankra gjennom Forbetringsprogrammet i Helse Førde
- I Helse Vest er det sett av 4 mill i 2012, tiltaka organisert i regionale prosjekt der alle føretaka deltek

Nye tiltak i kampanjen startar opp i januar 2012:

- Trygg kirurgi med særleg fokus på postoperative infeksjonar
- Legemiddellister

## **076/2011 A Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### Dagsorden:

- Møtet hadde kun ein open del

### Forfall til møtet:

- Styremedlem Wenche K. Røkenes hadde meldt forfall til møtet
- Lena Thorsnes var innkalla som vararepresentant

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **077/2011 A    Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.11.2011**

Ingen merknader.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 25.11.2011.

## **078/2011 O    Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Bolstad innleia og orienterte om:

### **Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus**

- organisering av prosjektet
- oppstartmøte er gjennomført

Styret ber om å få tilsendt referat frå styringsgruppemøta i utviklingsprosjektet, og evt anna informasjon adm. direktør finn relevant frå dette prosjektet.

### **Gjennomføring Helse Førde 2020**

#### **Prosjekt ortopedi – gjennomført**

- avviklingstidspunkt ortopedi NSH: 16.12.2011
- prosjektrapport NY ORTOPEDISK AVDELING er under gjennomføring

#### **Etablering av skadepoliklinikk NSH**

- Helse Førde opprettar skadepoliklinikk ved Nordfjord sjukehus 16. desember
- Ein ønskjer at Utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus arbeidar med sikte på å avklare grunnlaget for ein varig løysing i samhandling med kommunane

#### **Prosjekt føde – status Indre Sogn og Nordfjord**

- Tilbakemelding blir sendt i eige brev til Helse Vest om at det ikkje er eit samla ynskje frå kommunane om å etablere jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus

#### **Endra drift medisinsk avdeling**

- Prosjekt "Etablering av indremedisinske tenester ved sjukehusa i Helse Førde"
- Fase 1 "Kartlegging" pågår
- Rapport fase 1, frist 15.01.2012
- Fase 2 "Ny medisinsk avdeling", med bakgrunn i kartlegging og vedtak i budsjett 2012 utarbeide mandat for plan

Styremedlem Schönberg tok under dette punktet opp behovet for å kommunisere og ha god dialog med kommunane (ihht Samhandlingsreforma) om kva tenester ein skal tilby ved lokalsjukehusa.

#### **Etablering av ruseining Nordfjord**

Del av Utviklingsprosjekt NSH

- Del A: Etablere ruseininga ved NSH
- Del B: Modell for lokalsjukehus for rusmiddelavhengige. Frist 31.01.2012

### **Parkering ved Førde sentralsjukehus**

- Parkeringsautomat, men framleis gratis
- Pasientar som er kalla inn får parkeringsbillett tilsendt med innkallinga

Styremedlem Brosvik etterspør ei oppmoding til tilsette om gå til/sykle til jobben.

### **Overveiktsbehandling**

- Gjennomført markering av 10 år sidan oppstart kirurgi og forskning på fagfeltet.

### **Familiebehandling**

- Rustilbodet ved Tronvik

Styret stilte spørsmål og det vart orientert om bakgrunn for omlegging av tilbod.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **079/2011 A Rapportering frå verksemda per november 2011**

### **Oppsummering:**

Styrerapporteringa er utarbeidd per 30.11.2011. Rapporten fokuserer på ulike indikatorar innanfor følgjande perspektiv:

#### Kvalitet

Ventetider for behandla er på veg nedover.

Ein vil kunne nå målsetninga om ingen fristbrot, og talet på korridorpatientar er gledeleg lavt. Talet på langtidsventarar aukar noko. Stadig aukande del kontrollar ved poliklinikkane vil gjer det vanskelegare å nå måla om ventetider dersom ein ikkje endrar dette. Epikrisetidene held seg stabilt bra.

#### Aktivitet

- Akkumulert ligg produksjonen 125 DRG poeng bak budsjettet (0,6 %).
- Dagkirurgi/dagopphald er 0,6 % færre enn fjoråret (54 opphald).
- Poliklinisk aktivitet er 3,3 % lågare enn fjoråret (3.340 konsultasjonar).
- Vi har 555 heildøgnsopphald mindre enn fjoråret (3,3%).

#### Økonomi

Perioderesultatet var 2,5 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden.

Bokført resultat etter elleve månader er negativt med 47,1 millionar, noko som er 10,5 millionar svakare enn budsjett.

#### Medarbeidarar

- Sjukefråværet i oktober er lågare enn fjoråret, 6,3 % i 2011 (mot 6,9 % i oktober i fjor).
- Brutto månadsverk i november er 18 fleire enn same periode førre året.
- Netto månadsverk i november er 22 fleire enn same periode førre året.
- I høve november 2010 er deltid redusert med om lag 4 %, og faste stillingar auka tilsvarande.

*Adm. direktør Bolstad orienterte om kvalitet, herunder:*

- tal behandla pasientar, ventetider for behandla pasientar, tal ventande pasientar
- andel kontrollar ved poliklinikkar samla
- fristbrot
- ungdomsgarantien
- utskrivingsklare liggedøgn
- korridorpasientar
- strykingar frå planlagde operasjonar
- epikrisetider i somatikk
- ventetidskategoriar (langtidsventande)

*Økonomidirektør Hansen orienterte om aktivitet, økonomi og medarbeidarar.*

*Styret drøfta rapporteringa.*

### **Framlegg til vedtak:**

Rapportering frå verksemda per november 2011 vert teken til vitande.

### **Framlegg til nytt punkt 2. frå styremedlem Bryne:**

Det er semje om at ein for stor del av kapasiteten ved poliklinikkane våre vert nytta til kontrollar. Ein reduksjon av kontrollane og tilsvarande auke i mottak av nyttilviste er eit sentralt tiltak for reduksjon av ventetidene. Styret ber om eiga sak med klare mål og konkrete tiltak for slik omstilling.

### **Votering:**

Adm. direktør Bolstad sitt framlegg til vedtak, med styremedlem Bryne sitt tilleggspunkt, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Rapportering frå verksemda per november 2011 vert teken til vitande.
2. Det er semje om at ein for stor del av kapasiteten ved poliklinikkane våre vert nytta til kontrollar. Ein reduksjon av kontrollane og tilsvarande auke i mottak av nyttilviste er eit sentralt tiltak for reduksjon av ventetidene. Styret ber om eiga sak med klare mål og konkrete tiltak for slik omstilling.

## 080/2011 A    **Budsjett 2012 – Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Saksframlegget er basert på budsjettføresetnader frå Helse Vest RHF i styresak 136/11B – "Inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012", framlagt til Helse Vest sitt styremøte 7. desember 2011. Helse Vest si styresak viser dei økonomiske føresetnadar i statsbudsjettet og kva inntektsutvikling og resultatkrav det einskilde føretaket i Helse Vest vil få inn i 2012.

Helse Førde får vidareført finansiering frå eigar i form av eit skjønstilskot på 30 millionar kroner inn i driftsåret 2012. Helse Førde får også høve til å drive med eit underskot på 40 millionar i 2012.

Det er i samband med budsjettet gjennomført omfattande prosessar i alle klinikkane, og det er gjennomført fleire salderingsvedtak i føretaksleiinga, som har resultert i ei samla innsparing på om lag 29 millionar i konkretiserte tiltak for 2012. Tiltaka er periodisert over året, i høve forventa innslagspunkt for innsparinga for å få rett heilårsverknad på drifta i 2012.

#### Risiko/usikkerheit:

- Effekten av tiltaka er periodisert over året, i høve forventa innslagspunkt for innsparinga for å få rett heilårsverknad på drifta i 2012. Det er usikkerheit knytt til den fulle kostnadsreducerande effekten av tiltaka, først og fremst på grunn av forplikingar overfor tilsette.
- Inntektssvikt vil isolert sett gje ein negativ resultatteffekt.
- DRG-vektene og grupperingslogikken for 2012: Erfaringane er at ein her kan få utslag med fleire millionar kroner. Budsjettet er basert på venta verknad av DRG-vektar for same aktivitet som i 2011, justert for planlagt reduksjon på enkelte fagområde.
- Utviklingsprosjekt "Framtidas lokalsjukehus" kan evt gje positive bidrag til driftsbudsjettet, men som det i dag vanskeleg kan takast høgde for.

*Økonomidirektør Hansen orienterte om budsjettet.*

*Styremedlemmene kommenterte og drøfta budsjettet.*

### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret syner til saksframlegget og vedtar budsjettet for 2012, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:

Helse Førde HF - Resultatoppstilling	Rekneskap 2010	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring 2011 - 2012
Basisinntekter	- 1 430 579	- 1 616 545	- 1 654 926	2,4 %
DRG inntekter	- 381 665	- 378 276	- 387 898	2,5 %
Gjestepasientinntekter	- 22 856	- 19 359	- 19 661	1,6 %
Polikliniske inntekter inkl. eigendel	- 81 869	- 86 165	- 88 958	3,2 %
Andre inntekter	- 42 449	- 42 033	- 61 756	46,9 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>- 1 959 418</b>	<b>- 2 142 378</b>	<b>- 2 213 198</b>	<b>3,3 %</b>
Varekost	310 259	307 572	316 460	2,9 %
Lønskostnader	1 189 908	1 469 172	1 503 060	2,3 %
Avskrivningar	97 939	92 500	97 000	4,9 %
Andre driftskostnader	351 950	313 009	313 643	0,2 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 950 056</b>	<b>2 182 253</b>	<b>2 230 163</b>	<b>2,2 %</b>
Finansinntekter	- 875	- 1 040	- 1 010	-2,9 %
Finanskostnader	15 167	16 165	24 044	48,7 %
<b>Sum finanspostar</b>	<b>14 292</b>	<b>15 125</b>	<b>23 034</b>	<b>52,3 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>4 931</b>	<b>55 000</b>	<b>40 000</b>	<b>-27,3 %</b>

2. Konkretiserte omstillingstiltak og endring i aktivitet skal gjennomførast slik det går fram av opplisting i tabell nedanfor. Styret ber om at det blir laga klinikkvise rapporteringsrutinar som medfører månadleg rapportering på status, eventuelle avvik og planar for korrigerande tiltak. Det skal rapporterast til styret i kvart møte i 2012.

<b>Nye tiltak (tal i 1000 kroner)</b>		
MED	NSH, integrere OVA i medisinsk sengepost frå 1. mai-12	- 4 433
PHV	BUP, endra organisering, redusert tal stillingar	- 1 275
MED	NSH, redusere med 2 LIS stillingar medisinsk seksjon frå 1. juni-12	- 1 050
MED	NSH, redusere til 15 senger i medisinsk sengepost frå 15. okt-12	- 538
PHV	BUP, nedlegging av Familiehuset	- 3 235
KIR	LSH, endring i fødetilbodet i Sogn inkludert etablering av følgjeteneste	- 2 176
MED	NSH, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	- 2 000
MED	LSH, redusere til 15 senger i medisinsk sengepost frå 1. juni-12	- 1 400
STAB	NSH, omstrukturering Stab og støtte, halvårseffekt - Intern service	- 980
MED	LSH, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	- 950
MED	LSH, endra organisering laboratorietenester frå 1. april-12	- 900
MED	NSH, endra organisering laboratorietenester frå 1. april-12	- 900
KIR	Reduserte kostnader ortopedi etter omorganisering	- 814
MED	LSH, redusere med 1 LIS stilling, medisinsk seksjon frå 1. juni-12	- 550
KIR	Eingongskostnader i 2011	- 500
KIR	Redusert vareforbruk ved aktivitet på færre lokasjonar	- 500
MED	FSS, forbettringsprosjekt kreftavdeling/medisinsk seksjon	- 450
MED	FSS, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	1 950
KIR	NSH, ortopedi avvikla desember 2011	- 10 908
KIR	Endring i aktivitet i 2012	- 2 789
KIR	NSH, reduserte kostnader ved AAM etter 1. nov-12	- 2 032
KIR	LSH, endring i fødetilbodet i Sogn 2012	- 1 890
PHV	Vakante stillingar 2012	- 1 262
KIR	NSH, endring i fødetilbodet i Nordfjord frå 1. nov-12	- 681
MED	FSS, forbettringsprosjekt Barnavdelinga frå 1. april-12	- 675
MED	Reduksjon i bruk av Feiringklinikken, avtale med HUS	- 620
STAB	Innsparing 1 stilling Servicesenter psykiatri - Intern service	- 546
STAB	Reduksjon i strømkostnader - Drift og eigedom	- 543
KIR	NSH, sommarstengt fødeavdeling 2012	- 358
STAB	Reduksjon i bruk av konsulenttenester - Drift og eigedom	- 240
STAB	Redusere overtid, felles EPJ er sett i drift	- 180
MED	NSH, styrke medisinsk seksjon, jan-apr 2012	1 288
PHV	NPS, styrke dagtilbod, ambulant team og geriatri	1 579
PHV	Auka satsing på rusbehandling inkl. ny stilling som ruskonsulent	1 774
KIR	Gradvis oppbygging av kasernerte vakter innan ambulanse	2 147
STAB	Etablering av lovpålagt Bedriftshelseteneste	2 190
KIR	Splitt av vaktskift LIS-legar ortopedi/kirurgi	5 062
<b>Sum</b>		<b>- 29 386</b>

## Endringsframlegg frå styreleiar Øberg:

Punkt 1, som adm. dir. sitt framlegg.

Endring i punkt 2, 1. setning:

Dei konkrete omstillingstiltaka i tråd med vedtaka i strategiplanen og endring i aktivitet skal gjennomførast slik det går fram av oppstilling i tabell nedanfor.

Nytt punkt 3:

Styret finn det uheldig med fortsatt underskotsbudsjettering og ser det som avgjerande at Helse Førde får ein varig finansieringsmodell i det varsla arbeidet med inntektsmodellen i 2012.

Nytt punkt 4:

Styret ber om at plan for oppstart og budsjett for rusposten på Eid vert lagt fram i første styremøte i 2012 (jfr. finansieringsavklaringa i prosjektet).

Nytt punkt 5:

Vedtaket om reduksjon i talet på indremedisinske senger til 15 på Eid og i Lærdal, ligg fast. På bakgrunn av synspunkt frå ordførarane i dialogmøtet 09.12.2011 og andre innspel, ber styret om eiga sak med fornya vurdering av tempoplanen for denne omstillinga.

## Votering:

Styreleiar Øberg sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

## Vedtak:

1. Styret syner til saksframlegget og vedtar budsjettet for 2012, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:

Helse Førde HF - Resultatoppstilling	Rekneskap 2010	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring 2011 - 2012
Basisinntekter	- 1 430 579	- 1 616 545	- 1 654 926	2,4 %
DRG inntekter	- 381 665	- 378 276	- 387 898	2,5 %
Gjestepasientinntekter	- 22 856	- 19 359	- 19 661	1,6 %
Polikliniske inntekter inkl. eigendel	- 81 869	- 86 165	- 88 958	3,2 %
Andre inntekter	- 42 449	- 42 033	- 61 756	46,9 %
<b>Sum inntekter</b>	<b>- 1 959 418</b>	<b>- 2 142 378</b>	<b>- 2 213 198</b>	<b>3,3 %</b>
Varekost	310 259	307 572	316 460	2,9 %
Lønskostnadar	1 189 908	1 469 172	1 503 060	2,3 %
Avskrivningar	97 939	92 500	97 000	4,9 %
Andre driftskostnadar	351 950	313 009	313 643	0,2 %
<b>Sum driftkostnadar</b>	<b>1 950 056</b>	<b>2 182 253</b>	<b>2 230 163</b>	<b>2,2 %</b>
Finansinntekter	- 875	- 1 040	- 1 010	-2,9 %
Finanskostnadar	15 167	16 165	24 044	48,7 %
<b>Sum finanspostar</b>	<b>14 292</b>	<b>15 125</b>	<b>23 034</b>	<b>52,3 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>4 931</b>	<b>55 000</b>	<b>40 000</b>	<b>-27,3 %</b>

2. Dei konkrete omstillingstiltaka i tråd med vedtaka i strategiplanen og endring i aktivitet skal gjennomførast slik det går fram av opplisting i tabell nedanfor. Styret ber om at det blir laga klinikkvise rapporteringsrutinar som medfører månadleg rapportering på status, eventuelle avvik og planar for korrigerande tiltak. Det skal rapporterast til styret i kvart møte i 2012.

<b>Nye tiltak (tal i 1000 kroner)</b>		
MED	NSH, integrere OVA i medisinsk sengepost frå 1. mai-12	- 4 433
PHV	BUP, endra organisering, redusert tal stillingar	- 1 275
MED	NSH, redusere med 2 LIS stillingar medisinsk seksjon frå 1. juni-12	- 1 050
MED	NSH, redusere til 15 senger i medisinsk sengepost frå 15. okt-12	- 538
PHV	BUP, nedlegging av Familiehuset	- 3 235
KIR	LSH, endring i fødetilbodet i Sogn inkludert etablering av følgjeteneste	- 2 176
MED	NSH, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	- 2 000
MED	LSH, redusere til 15 senger i medisinsk sengepost frå 1. juni-12	- 1 400
STAB	NSH, omstrukturering Stab og støtte, halvårseffekt - Intern service	- 980
MED	LSH, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	- 950
MED	LSH, endra organisering laboratorietenester frå 1. april-12	- 900
MED	NSH, endra organisering laboratorietenester frå 1. april-12	- 900
KIR	Reduserte kostnadar ortopedi etter omorganisering	- 814
MED	LSH, redusere med 1 LIS stilling, medisinsk seksjon frå 1. juni-12	- 550
KIR	Eingongskostnadar i 2011	- 500
KIR	Redusert vareforbruk ved aktivitet på færre lokasjonar	- 500
MED	FSS, forbettringsprosjekt kreftavdeling/medisinsk seksjon	- 450
MED	FSS, endra organisering radiologi frå 1.juli-12	1 950
KIR	NSH, ortopedi avvikla desember 2011	- 10 908
KIR	Endring i aktivitet i 2012	- 2 789
KIR	NSH, reduserte kostnader ved AAM etter 1. nov-12	- 2 032
KIR	LSH, endring i fødetilbodet i Sogn 2012	- 1 890
PHV	Vakante stillingar 2012	- 1 262
KIR	NSH, endring i fødetilbodet i Nordfjord frå 1. nov-12	- 681
MED	FSS, forbettringsprosjekt Barnavdelinga frå 1. april-12	- 675
MED	Reduksjon i bruk av Feiringklinikken, avtale med HUS	- 620
STAB	Innsparing 1 stilling Servicesenter psykiatri - Intern service	- 546
STAB	Reduksjon i strømkostnadar - Drift og eigedom	- 543
KIR	NSH, sommarstengt fødeavdeling 2012	- 358
STAB	Reduksjon i bruk av konsulenttenester - Drift og eigedom	- 240
STAB	Redusere overtid, felles EPJ er sett i drift	- 180
MED	NSH, styrke medisinsk seksjon, jan-apr 2012	1 288
PHV	NPS, styrke dagtilbod, ambulant team og geriatri	1 579
PHV	Auka satsing på rusbehandling inkl. ny stilling som ruskonsulent	1 774
KIR	Gradvis oppbygging av kasernerte vakter innan ambulanse	2 147
STAB	Etablering av lovpålagt Bedriftshelseteneste	2 190
KIR	Splitt av vaktskift LIS-legar ortopedi/kirurgi	5 062
<b>Sum</b>		<b>- 29 386</b>

3. Styret finn det uheldig med fortsatt underskotsbudsjettering og ser det som avgjerande at Helse Førde får ein varig finansieringsmodell i det varsla arbeidet med inntektsmodellen i 2012.
4. Styret ber om at plan for oppstart og budsjett for rusposten på Eid vert lagt fram i første styremøte i 2012 (jfr. finansieringsavklaringa i prosjektet).
5. Vedtaket om reduksjon i talet på indremedisinske senger til 15 på Eid og i Lærdal, ligg fast. På bakgrunn av synspunkt frå ordførarane i dialogmøtet 09.12.2011 og andre innspel, ber styret om eiga sak med fornya vurdering av tempoplanen for denne omstillinga.

Styremedlemmer Bryne og Brosvik forlet møtet kl. 13.30, og deltok ikkje i sak 081/2011 A.

## 081/2011 A Investeringsplan 2012 – Helse Førde HF

### Oppsummering:

Investeringsramma for 2012 på 98 millionar kroner, er 18,6 millionar mindre enn skissert i langtidsbudsjett for 2012-2016.

I investeringsbudsjettet blir det føreslege og setja av 22,7 millionar kroner til rullering av investeringsplanen i juni 2012. Dette er naudsynt for bl.a. å kunne fange opp havari. Eventuelt kan det bli aktuelt å overføre deler av ramma til 2013 for å kunne møte dei utfordringane som vil komme då.

Økonomidirektør Hansen orienterte om investeringsplanen.

Styret drøfta investeringsplanen.

### Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtek følgjande investeringsplan for 2012:

Investeringsplan 2012	Fase 1 - styremøte des. 2011	Fase 2 - styremøte juni 2012	Sum
Medisinsk Teknisk Utstyr	15 814		<b>15 814</b>
Luftambulans/Prehospitalt bygg	5 000	17 000	<b>22 000</b>
Omlegging somatikk, arealeffektivisering	5 000	10 000	<b>15 000</b>
Bygg, teknisk infrastruktur, senger	9 825		<b>9 825</b>
Ambulans	8 000		<b>8 000</b>
IKT - infrastruktur	4 700		<b>4 700</b>
Ikkje prioritert fase 2		22 736	<b>22 736</b>
<b>Til disposisjon</b>	<b>48 339</b>	<b>49 736</b>	<b>98 075</b>

2. Styret ber administrerande direktør legge fram detaljplan for fase 2 i samband med rullering av investeringsplan til styremøtet i juni 2012

## 082/2011 Eventuelt

Ingen saker.

## Skriv og meldingar

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev frå Helse Vest, "Utpeiking av helseføretaka som part i lovpålagte samarbeidsavtaler", datert 07.12.2011
- Brev til Helsetilsynet, "Vedrørande tilsynssak som gjeld ambulansetenesta i Aurland kommune", datert 02.12.2011
- Pressemelding frå Helsefaggruppen

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Kart over LA-basar og redningshelikopter i Noreg
- Oversyn over samhandlingsrelaterte utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane, pr. 02.12.2011
- Innspill frå Helsefaggruppen i Nordfjord til styremøte i Helse Førde 15. des. 2011
- Utkast til brev til Helse Vest, "Vedrørande spørsmål om jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus", datert 14.12.2011
- Kjennelse frå Bergen tingrett, datert 09.12.2011

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Clara Øberg  
Styreleiar

---

Jorunn Ringstad  
Nestleiar

---

Trude Brosvik

---

Knut C. Schønberg

---

Helge E. Bryne

---

Anni Felde

---

Harry Mowatt

---

Kjell Nygård

---

Rune Larsen

---

Berit J. Hornnes

---

Lena Thorsnes  
Vararepr. tilsette